

Sogn for alle – mål, strategi og tiltak

Til grunn for prosjektet Sogn for alle ligg det ei omfattande projektskildring som byggjer på innspel frå kommunane, verksemder og andre offentlege aktørar. Prosjektet strekk seg over fire år, 2020-2024.

Planen er organisert i arbeidspakker som utgangspunkt for arbeidet. I dette dokumentet vert mål, strategi og organisering av arbeidspakkane presentert. Desse gjeld for heile prosjektperioden.

I tillegg vert handlingsplanen presentert, den gjeld for mai 2020 – desember 2021. Det fyrste året er det viktig å få på plass ein god struktur for prosjektet og få i gang nokre aktivitetar som kan synast igjen og som kan kommunisere breidt om viktigheita av inkludering og integrering for utvikling av de sju kommunane som Sogn Regionråd femner om.

Andre sentrale dokument i prosjektet er:

- Prosjektplan
- Aktørkart
- Kommunikasjonsplan

Hovudmålet

Sogn for alle skal sikre verdiskaping og meir vekst gjennom auka sysselsetting og bulyst blant innvandrarar.

Mål og strategi for arbeidspakkane 2020-24


Arbeidspakke	Arbeid	Språk og samfunn	Utdanning	Familie og fritid	Bustad
Mål	Fleire arbeidsinnvandrere inn i arbeidslivet.	Gode språkkunnskapar og god samfunnsforståing.	Auka sysselsetting gjennom kvalifisering og utdanning.	Auka inkludering frå organisasjonar og lag, og større oppleving av inkludering, av å høyre til, og auka deltaking hos innvandrere.	Auka og varig busetting av innvandrere.
Strategi	<ol style="list-style-type: none"> 1. Samarbeid med arbeids- og næringsliv for at innvandrere skal få brukt si kompetanse og sine ressursar. 2. Legge til rette for auka gründerskap hos innvandrere. 	<ol style="list-style-type: none"> 3. Bidra til kunnskap om ulike modeller for norskopplæring i samarbeid med næringslivet. 4. Medverke til at fleire gjennomfører norskkurs. 	<ol style="list-style-type: none"> 5. Arbeidsretta kvalifisering av innvandrere 6. Legge til rette for god bruk av innvandrane sin kompetanse. 	<ol style="list-style-type: none"> 7. Fremme auka deltaking i lag og organisasjonar hos innvandrane. 8. Regionalt samarbeid om kvalitet i foreldre-rettleiinga. 	<ol style="list-style-type: none"> 9. Fremme eit godt og heilskapleg arbeid med mottak av tilflyttarar/innvandrere. 10. Fremme tiltak for at innvandrere kjem inn på bustad-marknaden.
Tiltak * 2020-21	<ul style="list-style-type: none"> • Mentorprogram • Lokale frukostmøter • Nettverk statlege verksemder • Nettverk for mangfaldig rekruttering • Etableraropplæring 	<ul style="list-style-type: none"> • Etablere tilbod om B2 kurs i norsk i regionen • Kartleggje ulike løysningar for norskundervisning knytt til arbeidsplassen og gjere desse kjent. 	<ul style="list-style-type: none"> • Samlingsbasert deltidsutdanning i sjukepleie • Kartlegge behov for vidare arbeid med godkjenning av utdanning og karriererettleiing. • 	<ul style="list-style-type: none"> • Nettverk for styrking av foreldrerettleiing • Mobilisere deltakarar til Vestland fylkeskommune sitt program LivogLyst. 	<ul style="list-style-type: none"> • Dele erfaringane frå den nyetablerte tilflyttartenesta i Årdal. • Leige for å eige – vurdere ordningar for at innvandrere skal få kjøpe eigen bustad.

* Sjå eigen handlingsplan

Organisering i arbeidspakkar

Mandat: Delprosjekta skal ut i frå mål, strategi og handlingsplan, leggje til rette for utviklingsarbeid innanfor si arbeidspakke. Arbeidsgruppene presenterer òg innspel til det vidare planarbeidet. Arbeidsgruppa rapporterer til styringsgruppa.

Deltakarar: Ein frå styringsgruppa leiar kvar arbeidspakke. Kvar arbeidspakke har ei arbeidsgruppe med ein ansvarleg kontakt i frå kommunane. I tillegg deltek eventuelt andre representantar frå kommunane og andre eksterne aktørar. Prosjektleder deltek også i arbeidet i arbeidsgruppene.



*Andre aktuelle: andre representantar frå kommunane og eksterne aktørar som kan bidra i arbeidet

Handlingsplan mai 2020-21

Arbeidspakke	Korleis - tiltak	Deltakarar	Når	Kommentar	Ansvarleg
Effektiv prosjektstruktur	Styringsgruppe med eige mandat og regelmessige møter	Styringsgruppe nedsett mai-20	Etablert juni, møter i sep, nov, jan, mars, mai.		PL
	Ein kontaktperson frå kvar kommune. Regelmessige møter.	Ein frå kvar kommune med evt. vara	Kontaktpersonar meldt inn i mai -20. Fyrste fellesmøte 28. august.	Faste møter og ein årleg dagsamling.	Kommunane/PL
	Prosjektleder på plass		Mai-20		Leiar SR
	Arbeidsgrupper for arbeidspakkene	Minst ein frå styringsgruppa i kvar arbeidsgruppe. Ein arbeidsgruppe for kvar arbeidspakke.	Hausten 2020		Styret
Identifisere ressursar og behov	Kartleggingssamtalar med kommunane.	Flyktingtenesta, NAV, næringssjef og kommunale kontaktpersonar.	Mai-juni 2020	Oppsummering frå kartlegginga er utarbeida. Kommunane sine moglegheiter, ønskjer og erfaringar vert teke vidare i etablerte samarbeidsfora.	PL
Arbeid	<u>Mentorprogram</u>	Metorar, tilsette frå private og offentlege arbeidsplassar i Sogn	Sep.20 – mai 21		PL/ arbeidsgruppa
	Lokale frukostmøter	Lokale verksemder	Starter i Høyanger og Vik, oktober -20		PL/NAV-kontora
	Nettverk statlege verksemder	Statlege verksemder (Leikanger/Sogndal)	Februar -21	Evt. i samarbeid med DIFI	
	Nettverk for mangfaldig rekruttering	Regonalt nettverk av verksemder som jobbar for god og mangfaldig rekruttering	Vår 2021		PL/ arbeidsgruppa
	Etableraropplæring	Innvandrarar med ønskje om eigen verksemd	Oppstart haust -21	Forprosjekt vår -21	arbeidsgruppa
Språk og samfunn	Fremme ulike modellar for norskopplæring knytt til arbeidslivet	Bedrifter som ønskjer norskopplæring for sine tilsette	Haust 21	Samarbeid kommune, verksemd og innvandrarar for å finne gode modeller for språkopplæring	arbeidsgruppe
Utdanning	Sjå mentorprogram	Tilsette i bedrifter i Sogn.	Oktober- 20 - mai 21		PL

	Samlingsbasert deltidsutdanning i sjukepleie	Tilsette som ønsker å ta sjukepleiarutdanning ved sida av jobb.	Haust 21	Støtteundervisning for å ta norsk og matematikk starta sep. -20, privatisteksamen vår -21.	Sogn regionråd
	Kartlegge behov for vidare arbeid med godkjenning av utdanning og karriererettleiing.	Flyktingtenestene og NAV	2021		
	Etablere tilbod om B2 kurs i norsk i regionen	Innvandrarar med behov for Bergenstesten for å kunne oppnå godkjenning av utdanning og/eller tilsetting.	Oppstart haust -21	Forarbeid, etablering av tilbodet, vinter 2021	PL/ arbeidsgruppa
Familie og fritid	Nettverk for styrking av foreldrerettleiing	Tilsette med ansvar for foreldrerettleiing i introduksjonsprogramma i kommunane.	Oppstart vår -21	Jobbe med forankring og samarbeidspartnarar haust 2020	arbeidsgruppa
	Mobilisere deltakarar til fylkeskommunen sitt program LivogLyst.	Lokale aktørar med gode idear til aktivitetar som er inkluderande	Kontinuerleg	Oppstart 2020. Søknadsfrist for opptak i programmet oktober 2021.	
Bustad	Dele erfaringane frå den nyetablerte tilflyttartenesta i Årdal.	Kommunekontaktane og andre interesserte.	April-21		arbeidsgruppa
	Leige for å eige – vurdere ordningar	Kommunale kontaktpersonar og arbeidsgruppe	Vår -21		arbeidsgruppe
Kick-off Merksemd om prosjektet og kunnskap om tema	Organisere konferanse som synleggjer bakgrunnen for prosjektet og lokale ressursar og erfaringar.	Leiarar og andre representantar for bedrifter, kommunane, frivillig sektor og offentleg aktørar i regionen.	01. desember -20		arbeidsgruppa